Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Transport av höy.

Oppskr. av: N. K. Fløseth (71 år)

(adresse): Uvdal, Numedal

Fylke: Buskerud.

Herad: Uvdal

Bygdelag: —

Gard: —

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eige röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Eg har vore lærar i 45 år. Gardbrukar 50 år

SVAR

Transport av höy når det skal i hus, gjeng føre seg i dag på den måten at ein kjører det inn på slede eller hjulslede. Før var det stött berre slede som vart brukt. Men so kom eit framsteg då dei byrja med hjulslede. Den har hjul bak og meiar fram og var lettare å dra enn tresleden. I det siste då det har vorte betre vegar, har dei på dei störste gardane kjöpt seg greie höyvogner frå Mellven eller Hallingdal. Då vert det lett transport. Dei kan lessa på 1 og opptil 1½ skippund (1 skpd = 160 kg). Före 1900 talet var mest berre slede i bruk.

På husmannsplassar og mindre gardar der dei ikkje åtte hest, måtte dei bera inn höyet. Det var tungt arbeid - ofte lang veg og motbakke. Ein rekna 10 börar i eit lass. - Hadde dei sofra til bruket sitt, måtte dei leiga kjöring på höyet for å få det heim, og det vart på vinterstid.

Når dei bar höyet inn, bruka dei riskbandsvidk - ei lang, grann björk som dei laga

222

2

ei lyckje (lökke) på i den granne enden.
I seinare tid er det mange som brukar
taug til å bera i; men risbandsvolk er
best då den er stid.
Mange gardar har ei svær lengde opp og
ned på jordet. Dei kunde difor ikkje kjöra
höyet heim til garden om sumarstid. Men
dei sette opp höylöer nedst i jordet, og
höyet vart kjört inn der om sumaren. På
vinterföre kjörde dei ~~som~~ foret heim til garden.
Ofta bygde dei ein heil huslut nede i
jordet, og dei flutte ei tid om vinteren
dit for å gjeva opp höyet. Utlöer byggde
dei og på staden der slåttemarki låg nokso
langt frå garden, og höyet kjörde dei
heim på vinterföre.

Når dei skulde bera höyet, smetta
dei den tjukke enden inn i lyckja på svol-
ken, og so måtte ein hjelpa til med å dra
höyböra godt saman, so ikkje höyet datt
utor. Hjelparen löfta böra på beraren,
og han la svolken over aksli, eller
var böra svært stor, legg han svolken
heilt opp på hovudet, so böra ikkje
skulde verta so sid at ho nådde mest
backen. – Var ein mann åleine, måtte
han leggja seg ned på backen og rulla
böra på seg. Dei som hadde lært rette
snittet med dette, greide det so fint.

No er mykje av utmarkslåtten lagd
ut til hamn. Då det vart högare dag-
löner, vart det meiningslaust å drive med
all den seine utslåtten. Det vart berre tap.
222 Istaden dyrka dei opp stycke av jordet-

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

og helst marka som låg nokso nære husi.-
Her fekk dei gilde åleingar, og det
vart høy nok - og mindre slep med høyonni.
I høyonni var det fullt opp å gjera
for både vaksne og ungar på ein gard.
Kararne sløtta høyet saman, og kvinnfolk
og ungar fekk å raka „vøl" etter slåttarane,
so alt høyet kom saman. I gamall tid
hadde dei eit ordtøk som visar at det var
viktig å raka retteleg „vøl". „Den som dreg
riva etter jordet der det er høya, får
for til ein sau". I siste tid har dei kjøpt
hesterivur, og då gjeng arbeidet både fort
og lett. Men det er berre eit fåtal av gard-
eigarane som kan bruke kjørerive.
Om vinteren vart høyet kjørt heim på
sotrane. Sume har sotrane liggjande langt
borte - sikkert ei mils veg. Det var folk
til sjåu når sotefôret skulde fraktast heim.
Det var fleire stølslag som kjørte høy på
same tid - både for å hjelpast åt med
brøytingi, og for det var meir triveleg å
vera fleire i lag. Dei stelte seg til med
store sledar - vanleg lenger enn dei som
vart brukta heime til forinnkjørsla, og også
breidare med høgre grindar på på seine.
Førekjøringi byrja dei tidleg på hausten
når det var kome passeleg stor snø. Helst
passa dei på når det var måneljos på
morgonsia. Dei måtte tidleg ut - kl. 4-5
om morgonen, skulde dei rekkja heimatt
om kvelden. Når dei kom til sotra,
var det fyrst å gje hesten mat og drikke.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

So inn i budi, nóra opp verme og koka koffe. Når dei hadde rivi i seg maten, var det i fôrhuset og lessa lasset. Det var om å gjera å bróa godt frå botnen, so dei fekk på eit dugeleg lass. Deretter var det å setja fast benderåe oppå lasset. Benderåe var anten ein staur omlag lang som sleden, og som vart festa framst i sleden. So klemde dei höyet saman rikelig godt og feste benderåe bak i sleden. Ofte var det dobbelt benderå, laga til av to passeleg store björkar som var vaksne saman i roti.



benderå, dobbelt.

Framme i toppen på björkane, sette dei over eit tverrtre. Desse dobbelte benderåene var svært gode og praktiske til å klemma lasset ihop med. So la dei björkesveg, eit på kvar sie av benderåe, sette taugsurringar tvert over lasset, og no var dei ikkje utsett for å kjöre bort höy på heimvegen. Ofte kjörde dei ikkje höylasset heim med ein gong, men kunna det saman på heimsotre - höyet frå langsotre og frakta det heim utover vinteren. - I dei seinare åri har dei byrja pressa saman höyet i buntar - 50-60 kg i kvar, og då kan dei kjöra heim store lass - 3-400 kg. i kvart.

Siste lasset kan verta större eller mindre enn dei andre - ettersom det er att höy.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
222